



STATENS KARTVERK

# BRUKSRETTAR I MATRIKKELEN?

## Fagdag SK Molde 06.12.2011

Torleif Tyssebotn, Statens kartverk

STEDSDATA - TIL NYTTE FOR SAMFUNNET

## ULIKE OPPFATNINGAR OM TEMAET?

- Kva tenkjer vi umiddelbart på når spørsmålet om bruksrettar i matrikkelen kjem opp?
- Er det som i følgjande illustrasjonar?



## AVISA AGDER 7.4.2010

Staten har brukt over 100 millioner kroner på å lage databaserte kart og å samle all eiendomsinformasjon i ett register, men dataprogrammet takler ikke typiske sørlandske eiendomsforhold.




## Som dette?

På areal A rett til sjøhus og brygge.

På areal B rett til båtparkering.

På areal C rett til akterfortøying.



## Eller kva med slike?

- Til Parsellen bellegges følgende rettigheter:
1. At de oppfordre av et W. G. paa et  
bestemt gjenliggt Sted og Vei til Sammen.
  2. At de oppfordre av et Særligt paa  
Sægers Strand ved Uinavand  
paa 5. m. Længde og 3.5 m. Bredde.  
Vei til Særligt skal kjøperne  
benytte den kortest muelige Vei til de  
særlige brække Veier.
  3. Kjøperne skal ha ret til en fjede del  
av den Særligt grunde som findes  
paa Sægers Strand i Thusehønen.  
Vei der til er den samme for Kjøper som  
for Selger
  4. At de brønde Særligt <sup>Særligt</sup> paa Sægers  
Lindam, og Vei til Sammen.

Og slike?



## FÅ FRAM BESLUTNINGSGRUNNLAG

- Temaet er samansett og problemstillingane er komplekse.
- Statens kartverk har difor gjort eit utgreiingsarbeid om "Bruksrettar i matrikkelen".
- Hovedformål: Få fram eit grunnlag for beslutning vedkomande spørsmålet om matrikkelen skal utvidast til å omfatta bruksrettar.
- Deltakarar frå Matrikkelavdelinga, Tinglysinga og FKK



## DISPOSISJON

- Definisjonar og avgrensingar.
- Dagens matrikkel og bruksrettar.
- Status for registrering av bruksrettar.
- Drøfting av målsetjing vedkomande bruksrettar.
- Strategiar og tiltak for gjennomføring.



## DEFINISJONAR OG AVGRENsingAR

- I rapporten er det først ein overordna gjennomgang av grupper av bruksrettar.
  - Ut frå dette vert det avklara at det er for snevert å berre sjå på servituttar, som er partielle bruksrettar.
  - For å dekkja inn ulike festeforhold/leigeforhold må også totale bruksrettar omfattast.
- I utgreiinga vert difor omgrepet **bruksrettar** brukt.
- Oppdraget er avgrensa til å greia ut om matrikkelen skal utvidast med eit eige **tema** for bruksrettar.



## DAGENS MATRIKSEL OG BRUKSRETTAR (DEL 1)

Om bruksrettar i **forarbeida** til matrikkellova:

- Det er formulert generelle kriteria for avgrensing av innhaldet i matrikkelen.
  - Eit særleg viktig prinsipp i denne samanhengen er det å ha ei klar funksjonsdeling mellom matrikkel og grunnbok.
- Etter drøfting og vurdering av om stadbundne rettार skal målast inn og kartfestast i matrikkelen, vart konklusjonen at slikt forslag ikkje vart sett fram.
- Landmålar skal i tilknytning til oppmålingsforretning også klarleggja og beskriva rettsforhold. Men det er ikkje føresett at rettार skal målast inn og inngå i matrikkelkartet.



## FRÅ FORARBEIDA TIL MATRIKKELLOVA (1A)

### NOU 1999:1:

Utvalget har drøftet om vegretter og andre stedbundne rettigheter bør fremgå av matrikkelkartet. For mange brukere ville det være en stor fordel om matrikkelen viste den geografiske beliggenheten av rettigheter som er registrert i grunnboka. Utvalget har imidlertid kommet til at det ikke er realistisk å foreslå at rettigheter skal måles inn og kartfestes. En er i tvil om nytten står i et rimelig forhold til kostnadene. Under en hver omstendighet må spørsmålet utredes nærmere, herunder avklare regelverk, kartmessig fremstilling osv.

### Ot.prp.70 (2004-2005):

Departementet vil på det noverande tidspunktet og til liks med utvalet verken foreslå at stadbundne rettar skal målast inn og bli kartfeste i matrikkelen, ...



## DAGENS MATRIKKELOV OG BRUKSRETTAR (DEL 2)

Om bruksrettar i matrikkellov m/forskrift:

- Rettar og oppmålingsforretning.
  - Oppmålingsforretning: ” .... går ut på å klarleggje og beskrive grenser og rettar til fast eigedom...”
  - Varsling til rettshavarar
  - Påvise stadbundne rettar
  - Protokoll og rettsforhold
- Rettar og matrikkelføring.
  - Rettar som eigne matrikkeleiningar
  - På visse vilkår unnatak frå kravet om matrikulering av grunn som kan festast bort, og slike festeforhold kan tinglysast
  - Kontroll ved matrikkelføring



## FRÅ MATRIKKELLOV M /FORSKRIFT (2A)

- Ml § 3h definerer *oppmålingsforretning* slik: ”den oppgåva som går ut på å klarleggje og beskrive grenser og rettar til fast eigedom, og gi nødvendig dokumentasjon for matrikkelføring, jf. § 33.”
- Og i ml § 33 er dette nærare fastlagt slik:
  - ” Oppmålingsforretning går ut på å klarleggje og beskrive grenser og rettar i tråd med partane sine påstandar og framlagde dokument, og elles bringe fram opplysningar og dokumentasjon som er nødvendig for matrikkelføring og eventuelt tinglysing.”



## FRÅ MATRIKKELLOV M /FORSKRIFT (2B)

### Oppmålingsforretninga ml forskrift § 37:

”den som står oppført som rettighetshaver til stedbunden rettighet i grunnboken, dersom rettigheten berøres av endrede grenser i oppmålingsforretningen, eller den som har godgjort å ha slik rettighet”, skal varslast om oppmålingsforretninga.

- Varselet skal ”anmode partene om å
  - a) påvise sine grenser og stedbundne rettigheter under forretningen
  - b) sende kopi til kommunen av eventuelle dokumenter som kan bidra til å belyse forholdene
  - c) gi melding til kommunen så snart som mulig dersom en kjenner til at andre enn dem som er nevnt i varselet, kan bli berørt av forretningen. ”



## FRÅ MATRIKKELLOV M /FORSKRIFT (2C)

### MI forskrift § 38 (1)c):

Protokollen frå oppmålingsforretninga skal innehalda opplysningar m.a. om ”beskrivelse av rettighetsforhold, hvordan rettighetsforholdene skal være etter forretning, inngåtte forlik, avtaler om avløsning eller flytting, voldgift og spesielle partspåstander.”

Og i merknadene til denne bestemmelsen heiter det at ”Landmåler skal informere partene om stedbundne servitutter o.l. som framgår av grunnboken, og oppfordre partene til å påvise disse og eventuelt andre tilsvarende rettigheter som berører forretningen.”



## FRÅ MATRIKKELLOV M /FORSKRIFT (2D)

### Matrikkelføringa

- Kommunen skal utføra ei rekkje kontrollar, jf ml forskrift § 27. *”erklæring fra landmåler om at grunnboken, herunder bruksretter og servitutter, er undersøkt for de berørte arealene”*

Og så heiter det i merknadene til bestemmelsen:

Landmåler skal aktivt medvirke til å rydde opp i rettighetsforholdene, jf. matrikkellova § 33 første ledd. Det er normalt tilstrekkelig at landmåler har undersøkt grunnboksbladet for avgivereiendommen(e). I tillegg må det gå fram at landmåleren har spurt partene om avgivereiendommene(e) har rettigheter på andre eiendommer, som ikke er tinglyst, og som eventuelt også skal gjelde for den utskilte enheten. Det skal også gå fram at landmåler har spurt partene om den nye matrikkelenheten skal ha noen andre rettigheter på (eller avledet fra) avgivereiendommene(e), enn de som går fram av kommunens tillatelse. Ut over dette bærer partene selv ansvaret for å avklare og dokumentere rettighetsforholdene.



## DAGENS MATRIKKELE OG BRUKSRETTAR (DEL 3)

### Bruksrettar i eksisterande matrikkel

- I samsvar med forarbeid og regelverk inneheld matrikkelen **ikkje** løysingar for handtering av bruksrettar som eit tema.
  - At det i eksisterande matrikkel kan finnast bruksrettar som feilaktig er registrert som eigedomsteigar er ei anna sak. Dette har si årsak i feilregistrering i tidlegare informasjonssystem.



# STATUS FOR REGISTRERING AV BRUKSRETTAR

Her er det sett på 3 grupper:

- Bruksrettar registrert ved tinglysing
- Bruksrettar frå andre informasjonskjelder
- Bruksrettar som ikkje er registrerte



# BRUKSRETTAR REGISTRERT VED TINGLYSING

## ▪ Kva for rettar er tinglyste?

- Til vanleg er det partane sjølve som har hand om kva som skal tinglysast, med dei avgrensingar som er sett i tinglygingslova.
- I ein del tilfelle offentlegrettslege krav om at ein bruksrett skal tinglysast.

Altså: Dei tinglyste bruksrettane utgjer berre ein del av den totale masse av bruksrettar.

## ▪ Korleis er tinglyste bruksrettar registrerte?

- På tenande eigedom med rettshavar.
- Servituttar eldre enn frådelingsdato.
- Kan vera fleire rettsstiftingar pr dokument som er tinglyst.
- Geografisk plassering og utstrekning
  - Svært varierende materiale, no tinglysningsforskrift § § 4 og 15.



# BRUKSRETTAR FRÅ ANDRE INFORMASJONSKJELDER

Til dømes:

- Arkiv hjå offentlege organ
- Saker for ulike skjønnsrettar
- Saker for dei ordinære domstolane
- Arkiv hjå jordskifteretten
- Historiske dokument hjå Arkivverket
- Offentlege kartleggingar, særleg økonomisk kartverk
- .....



## BRUKSRETTAR SOM IKKJE ER REGISTRERTE

- Mengde ukjent, men truleg stor.
- Nokre illustrerende sitat:

Ot.prp. Nr.106 (2002-2003): *”Det er en alminnelig oppfatning blant fagfolk, nasjonalt og internasjonalt, at vårt matrikulære system har representert et stort potensiale for uklarheter og tvister. Dette reiser også sentrale spørsmål i tilknytning til realkreditten og til dynamikken i omsetningslivet. Problemet er ikke knyttet til tinglysingsordningen, men til kvaliteten av det som har blitt tinglyst og **til det store «mørke tomrom», dvs. alt som ikke har blitt tinglyst.**”*

Norges skogeierforbund: *«... at eiendomsforholdene her til lands - langt mer enn i andre sammenlignbare land - er preget av uklare grenser, teigblanding og **usikre bruksretter.**”*



## DRØFTING AV MÅLSETJING

- Det finst p.t. ingen formulert målsetjing for det å ha oversikt over bruksrettar.
- Men behovet for informasjon er til stades.

Som bakgrunnsmateriale for utforming av framlegg til målsetjing er det sett nærare på følgjande:

- Moment vedkomande tinglyste bruksrettar
- Moment vedkomande ikkje-tinglyste bruksrettar
- Særskilt om bruksrettar registrert i økonomisk kartverk
- Kvifor vert matrikkelen vurdert som eventuell informasjonskjelde?
- Forholdet til fullstendighet og kvalitet i matrikkelen



## MOMENT VEDKOMANDE TINGLYSTE BRUKSRETTAR

- Funksjonsdelinga mellom grunnbok og matrikkel.
- Grunngevinga for at geografisk plassering skal tinglysast.
- Har tinglysinga her meir ein funksjon som kjelde for informasjon enn det å sikra rettsvern?
- Samanlikning med korleis grenser for matrikkeleiningar vert handtert i tinglysinga og i matrikkel.
- Det er svært vanskeleg å vedlikehalda opplysningar om den geografiske plasseringa i tinglysinga.
- Statens kartverk har i 2010 foreslått att § 4 sjetle ledd vert tatt ut av tinglysingsforskrifta.



## MOMENT VEDKOMANDE IKKJE-TINGLYSTE BRUKSRETTAR

- For rettstillinga mellom avtalepartar har det normalt ingen betydning om bruksretten er tinglyst eller ikkje. Slik sett er det like viktig å ha opplysningar om lokalisering av desse som for dei tinglyste.
- Men for ikkje-tinglyste må evt registrerast meir opplysningar, det gjev utfordringar:
  - Funksjonsdelinga.
  - Faktiske opplysningar.
  - Verknader.
  - Kva som skal til for å få matrikkelført.



## BRUKSRETTAR REGISTRERT I ØKONOMISK KARTVERK

- Særleg bruksrett til skog og/eller beite. Går ikkje alltid fram kven som eig grunnen.
- Gjeld for det meste landbrukseigedomar.
- Kan omfatta både tinglyste og ikkje-tinglyste bruksrettar.
- Inngjekk ikkje i DEK, men det vart etablert eit eige datasett.
- Det er DEK som er konvertert til matrikkelen, ikkje servitutt-datasettet.
- Ikkje noko formelt forvaltningsregime.
- Vedlikehaldet varierer mykje rundt om i landet.
- Datasettet pr no tilgjengeleg gjennom FKB.
- Ein del brukarar etterlyser desse dataene tilgjengeleg gjennom matrikkelen.



## KVIFOR MATRIKKELEN?

- Funksjonsdelinga. Geografisk plassering er faktisk opplysning.
- Andre sentrale moment:
  - Matrikkelen er det offisielle eigedomsregisteret.
  - Opplysningane er tilgjengelege straks dei er ført.
  - Geometri både for bruksrettar og matrikkeleining vert sett i samanheng i matrikkelkartet. Feil kan avdekkast.
  - Synleggjering av informasjonen.
  - Ein del saker etter matrikkellova krev at bruksrettar skal handterast.
  - Forventning om at servituttgrenser frå ØK finst i matrikkelen.
  - Medverka til meir oversiktlege eigedomstilhøve.



## FULLSTENDIGHET OG KVALITET I MATRIKKELEN

- Bruksrettar i matrikkelen vil medføra redusert fullstendighet.
  - Manglande / lite detaljert beskrivelsar.
  - Manglande dataregistrering.
  - Vil krevja god informasjon til brukarane om kva som kan forventast.
- Kvalitet på geografiske opplysningar for bruksrettar
  - Stor variasjon.
  - Jevnt over dårlegare enn for grenser og teigar.
  - Også skisser og verbale beskrivelsar.
  - Vil krevja ulike presentasjonsformer i matrikkelen.



## MÅLSETJING

### ▪ 0-alternativet:

- Dette alternativet går ut på at det ikkje vert sett på som aktuelt å gjera endringar med omsyn til registrering av bruksrettar og deira tilhøyrande geografiske opplysningar.
- Val av dette alternativet krev ingen målsetjing eller vidare oppfølging.

### ▪ Endrings-alternativet:

- Det er her formulert framlegg til målsetjing som uttrykkjer ei aktiv haldning til å få fram betre ordningar:

Å få betre oversikt over bruksrettar og å få betre registrering, lagring og oppdatering av og tilgang på geografisk informasjon om desse.



## STRATEGIAR OG TILTAK

- Det vert presentert tre strategiar for korleis målsetjinga kan nåast.
  - Her vert vist kva som vert forventa oppnådd.
  - Vidare er det lista opp utfordringar, ulemper og manglar.
  - Og i grove trekk ført opp tiltak for gjennomføring.



# STRATEGI 1: TINGLYSTE BRUKSRETTAR SKAL FÅ GEOMETRI I MATRIKKELEN (1 AV 4)

## Nærare om strategi 1

- Matrikkelen vert utvida til å omfatta geografiske opplysningar om tinglyste bruksrettar, det vil seia opplysningar om plassering, utstrekning og form.
- Informasjonen kan vera i form av flater, linjer eller punkt.
- Opplysningar om sjølve retten ligg i grunnboka. Også identifikasjonen av bruksretten er gitt der, og det vert oppretta eit objekt i matrikkelen basert på desse opplysningane.
- Til dette objektet vert det så knytt geometri.



# STRATEGI 1: TINGLYSTE BRUKSRETTAR SKAL FÅ GEOMETRI I MATRIKKELEN (2 AV 4)

## Kva vert oppnådd

- Funksjonsdelinga mellom matrikkel og grunnbok vert reindyrka.
- Opplysningar om tinglyste bruksrettar er tilgjengeleg saman med annan geografisk informasjon i matrikkelen.
- Opplysningane vert gjort meir synlege.
- Betre høve til kontroll og vedlikehald av geografiske opplysningar.
- Leige og feste for mindre enn 10 år vil også kunna handterast med denne ordninga. Det same gjeld unntaka som er nemnt i matrikkelforskrift § 30.



# STRATEGI 1: TINGLYSTE BRUKSRETTAR SKAL FÅ GEOMETRI I MATRIKKELEN (3 AV 4)

## Utfordringar, ulemper og manglar

- Stadfesting av bruksrettane er av så pass varierende kvalitet at dei kan vera utfordrande å framstilla i matrikkelkartet.
- I ein del tilfelle går det ikkje fram kvar retten ligg, f eks for veg som ikkje er bygd.
- Ein del bruksrettar vert i tinglysinga klassifisert som hefte. Stadfesting av bruksretten må likevel gå fram av matrikkelen.
- Vedlikehald av stadfesting er ei utfordring også om det ligg i matrikkelen, jf avtalefridom mellom partane.
- Kommunen som matrikkelførar får utfordringar med å registrera stadfestinga.
- Regelverk og prosedyrar bør sikra at ordninga ikkje vert meir komplisert for brukaren.
- Tinglyste rettar åleine dekkar ikkje fullt ut behovet.



# STRATEGI 1: TINGLYSTE BRUKSRETTAR SKAL FÅ GEOMETRI I MATRIKKELEN (4 AV 4)

## Tiltak for gjennomføring

- Spesifisering av temaet med datamodell, brukstilfelle, rapportar og api i matrikkelen.
- Oppretta nærare kommunikasjon mellom matrikkel og grunnbok då endringar i grunnboka vil kunna medføra endringar i matrikkelen og vice versa.
- Teknisk utvikling av spesifisert løysing.
- Endring av tinglysingslov / tinglysingsforskrift.
- Endring av matrikkellov / matrikkelforskrift.
- Setja i verk nytt regelverk og system.



# STRATEGI 2: IKKJE-TINGLYSTE BRUKSRETTAR SKAL KUNNA REGISTRERAST I MATRIKKELEN M/ GEOMETRI

(1 AV 4)

## Nærare om strategi 2

- Matrikkelen vert utvida til å omfatta opplysningar om bruksrettar som ikkje er tinglyste. Føremålet er å gje geografiske opplysningar om plassering, utstrekning og form.
- Denne informasjonen kan vera i form av flater, linjer eller punkt.
- Identifisering av retten og eigenskapar til retten vert registrert ved matrikkelføringa.



## STRATEGI 2: IKKJE-TINGLYSTE BRUKSRETTAR SKAL KUNNA REGISTRERAST I MATRIKKELEN M/ GEOMETRI (2 AV 4)

### Kva vert oppnådd

- Får for første gang eit informasjonssystem som kan ta i mot, ta vare på og gje ut opplysningar om ikkje-tinglyste bruksrettar.
- Får høve til suksessivt å registrera inn bruksrettar og byggja opp innhaldet over tid.
- Bruksrettar som vert tekne inn i oppmålingsprotokollar vil i aukande grad kunna takast vare på i eit informasjonssystem.
- Opplysningane vert gjort meir synlege.
- At informasjonane vert tilgjengelege vil kunna medverka til opprydding i eigedomstilhøva.



## STRATEGI 2: IKKJE-TINGLYSTE BRUKSRETTAR SKAL KUNNA REGISTRERAST I MATRIKKELEN M/ GEOMETRI (3 AV 4)

### Utfordringar, ulemper og manglar

- Ordninga rører kanskje ved funksjonsdelinga mellom matrikkel og grunnbok ved at rettar vert registrert berre i matrikkelen. Data som elles vert henta frå grunnboka vert her registrert ved matrikkelføringa. Dette vil setja store krav til eit nytt regelverk.
- Ordninga vil medføra auka krav til kompetanse både for landmålar og matrikkelførar.
- Servituttar som etter lovverket er forbode å etablera, skal heller ikkje kunna registrerast i matrikkelen.



## **STRATEGI 2: IKKJE-TINGLYSTE BRUKSRETTAR SKAL KUNNA REGISTRERAST I MATRIKKELEN M/ GEOMETRI (4 AV 4)**

### **Tiltak for gjennomføring**

- Spesifisering av temaet med datamodell, brukstilfelle, rapportar og api.
- Teknisk utvikling av spesifisert løysing.
- Endring av matrikkellov / matrikkelforskrift.
- Setja i verk nytt regelverk og system.



## STRATEGI 3: BRUKSRETTAR I FKB-SERVITUTT VERT OVERFØRT TIL MATRIKKELEN (1 AV 4)

### Nærare om strategi 3

- Matrikkelen vert utvida til å omfatta opplysningar om bruksrettar slik dei er registrert i datasettet FKB-servitutt. Her finst både tinglyste og ikkje-tinglyste bruksrettar. Opplysningar om type bruksrett og herskande / tenande eigedom vert overført frå datasettet. Det same gjeld geografiske opplysningar om plassering, utstrekning og form. Denne informasjonen kan vera i form av flater, linjer eller punkt. Det skal gå fram av matrikkelen kvar opplysningane kjem frå, dvs datasettet FKB-servitutt, og at det er ukjent om bruksretten er tinglyst eller ikkje.
- Løysinga er mellombels då intensjonen bør vera at bruksrettar som kjem frå denne kjelda etter kvart vert registrert om slik at dei enten vert kopla opp mot tinglyste rettar (strategi 1) eller mot ikkje-tinglyste rettar (strategi 2).



## STRATEGI 3: BRUKSRETTAR I FKB-SERVITUTT VERT OVERFØRT TIL MATRIKKELEN (2 AV 4)

### Kva vert oppnådd

- Opplysningar om bruksrettar som er sankt inn gjennom fleire 10-år kan nyttiggjerast på ein betre måte enn no.
- Uttalte behov for denne informasjonen frå ein del brukarar vert tilfredsstilt.
- Informasjonen om desse bruksrettane vert flytta frå eit tilvære på utsida og inn i det offisielle registeret over fast eigedom.
- Forvaltning av opplysningane vert underlagt eit lov- og forskriftsregulert regime , noko som er fråverande i dag.
- Det vert gjeve avklaring på kva som skal skje med desse data, i dag rår det stor uvisse.
- At informasjonane vert betre tilgjengelege vil kunna medverka til opprydding i eigedomstilhøva.



## STRATEGI 3: BRUKSRETTAR I FKB-SERVITUTT VERT OVERFØRT TIL MATRIKKELEN (3 AV 4)

### Utfordringar, ulemper og manglar

- Omfattande arbeid å få knytt desse bruksrettane opp mot aktuelle tinglyste bruksrettar, eventuelt avklara at det dreiar seg om ikkje-tinglyste rettार.
- Strategien rører kanskje delvis ved funksjonsdelinga mellom matrikkel og grunnbok.
- Frå det tidspunkt opplysningane i FKB-servitutt vert overført til matrikkelen, så skal dette datasettet ikkje lenger haldast vedlike. Dette gjev ei utfordring dersom strategi 1 og 2 ikkje vert gjennomført samstundes eller på førehand.
- Opplysningane i FKB-servitutt kan ha feil eller vera mangelfulle då registreringane ikkje er utført gjennom formelle forretningar.
- Ordninga vil medføra auka krav til kompetanse både for landmålar og matrikkelførar.



## STRATEGI 3: BRUKSRETTAR I FKB-SERVITUTT VERT OVERFØRT TIL MATRIKKELEN (4 AV 4)

### Tiltak for gjennomføring


- Rydding i datasettet FKB-servitutt.
- Spesifisering av temaet med datamodell, konvertering, brukstilfelle, rapportar og api.
- Teknisk utvikling av spesifisert løysing.
- Endring av matrikkellov / matrikkelforskrift.
- Konvertering frå FKB-servitutt til matrikkel.
- Setja i verk nytt regelverk og system.



## VAL AV STRATEGI

- Alle tre strategiane byggjer på at bruksrettar vert eit eige tema i matrikkelen.
- Det kan velgjast å ta i bruk ein strategi, eller kombinasjonar mellom fleire. Målsetjinga vil i alle høve kunna vera den same.
- Vurdert slik at alle strategiane er aktuelle for å få ei komplett løysing.
- Arbeidet vil vera av stort omfang. Gjennomføring trinn for trinn.

Skisse over rekkefølgje dersom alle strategiar vert valde:



## KORT OM FORVALTNINGSREGIME

### **Endringsalternativet:**

- Endringar i regelverk.
- Tre styremakter: Tinglysinga, sentral og lokal matrikkelstyremakt.
- Systemendringar

### **Særlege spørsmål:**

- Feilretting vedrørende bruksrettar registrert som eigedomsteig i matrikkelen.



## VIDARE HANDSAMING

- Det ligg no føre ei utgreiing.
- Ingen avgjerder er tatt, verken om
  - Val mellom 0-alternativet eller Endrings-alternativet
  - Eller evt val av strategiar
- Rapport vert overlevert til oppdragsgjevar.
- Handsaming i SK,.....

Vidare arbeid avhengig av konklusjon.

